



VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Team kulturarv

Vår dato: 16.06.2025

Deres dato:

Vår referanse

24/04725-23

Deres referanse:

Vår saksbehandler:

Brynhildur Baldursdottir

Resultat frå arkeologisk registrering – Tangen - Møsstrand – gbnr. 160/2, 160/12, 160/59 mfl. – Vinje kommune

Innleiing

I samband med ovanfor nemnde plan har det regionale kulturminnevernet i Telemark fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering. Det vart påvist automatisk freda kulturminne. Rapporten for den arkeologiske registreringa er ikkje ferdig stilt og ettersendast når den førelegger. Vi viser til vedlagte sosi filer som viser plasseringa av kulturminna i terrenget.

Telemark fylkeskommune kan ikkje gje ei endeleg uttale til reguleringsplanforslaget før forholdet til dei automatisk freda kulturminna er avklarte.

Vi ber dykk ha dialog med oss i den vidare planprosessen, sjå kontaktinformasjon til slutt i brevet.

Kulturminne i planområdet

I planområdet ligg følgjande automatisk freda kulturminne:

Askeladden - ID	Type kulturminne		Nyregistrert
91187-1	Kullgrop		
330117	Kullgrop		Ny
330121	Kullgrop		Ny
330140-0	Kullgrop		Ny
330141	Kullgrop		Ny
330142	Kullgrop		Ny
58999	Kullgrop		
29695	Kullgroper		
69208	Hellegryte		

330143	Jernvinneanlegg med omn og slagg		Ny
29696-1	Tuft		
330120	Kullgrop		Ny

Samla sett vitnar kulturminna om spor etter industri i forhistorisk tid.

Omsynssoner

Alle automatisk freda kulturminne har nasjonal verneverdi og skal som hovudregel bevarast. Automatisk freda kulturminne skal visast med omsynssone d i plankartet (jf. plan- og bygningslova (pbl) §§ 12-6 og 11-8 d). Avgrensinga av omsynssone d svarer til sikringssona til kulturminnet (jf. kulml § 6). Omsynssone d skal visast med sosi-kode H730_#.

Vi gjer merksam på at ei omsynssone d ikkje vil vere tilstrekkeleg for å ta vare på kulturminnet med tilhøyrande omgjevnadar. Omsynssone d må av den grunn verte omgitt av ei omsynssone c som fungerer som ein buffer for kulturminnet (jf. pbl § 11-8 c). Denne skal visast med sosi-kode H570_#. Den geografiske avgrensinga av omsynssone c skal skje i samråd med regional kulturminneforvalting. Vi sender med som veldegg en sosi fil som viser et forslag for hensynssone c. Vi ber om at tiltakshavar/plankontor/planstyresmakt tek kontakt med oss for å avklare omfanget til omsynssone c omkring omsynssone d.

Begge omsynssoner skal følgjast av føresegner som sikrar kulturminnet (jf. pbl § 12-7). Gode døme på tekst til føresegnene finn de i rettleiar frå Riksantikvarens som ligg her:

<https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/handle/11250/216789> .

Høve til dispensasjon

Om det viser seg at eit automatisk freda kulturminne ikkje kan sikrast gjennom planen, kan det søkast om dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuelt løyve til inngrep vert innhenta i samband med at planen vert lagd ut til offentleg ettersyn, og må vere grunna i vesentlege samfunnsomsyn. Løyve må ligge føre før planen kan verte eigengodkjent av kommunen.

Søknad skal sendast til Telemark fylkeskommune, som er dispensasjonsstyresmakt.

Om det vert innvilga dispensasjon, vil det vanlegvis stillast vilkår om ei arkeologisk utgraving før tiltak i planen kan setjast i verk. Dette vilkåret skal innarbeidast i føresegnene til planen.

Tiltakshavar må koste utgifter til ei slik utgraving (jf. kulml § 10).

Vi gjer merksam på at det må påreknast noko sakshandsamingstid ved handsaming av dispensasjonssøknader.

Meldeplikt

Vi tilrår at tekst under føresegn 2.2.1 som angår meldeplikta vert endre til følgjande tekst:

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Fylkeskommunen avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).

Rekneskap og faktura

Vi ber om at det blir betalt for undersøkinga som er gjennomført. Regnskap og faktura for undersøkinga vår blir oversend separat.

Vurdering

Reguleringsplanforslaget er i konflikt med automatisk freda kulturminne, og forholdet til desse må vera avklara før planen kan eigengodkjennast av kommunen. Vi ber om at vi vert kontakta i god tid før planen skal leggst ut til offentleg ettersyn for å diskutera alternative løysingar som kan ta vare på interessene til både tiltakshavar og til kulturminneforvaltninga, og for å avklara utstrekking av omsynssoner.

Med hilsen

Brynhildur Baldursdottir
rådgiver
b.baldursdottir@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Vedlegg:

Sosi filer_ark_resultater_Tangen Møsstrand

Kopi til:

VINJE KOMMUNE, Anne-Sofie Bergene Strømme